



**Mer handel i Noreg:** Ei svakare norsk krone vil få grønt handlande nordmenn til å handle meir i Norske butikkar.

Foto: Mariann Tvette

## Økonomi

Ekspert om kronekursfallet:

# Kan vere godt nytt for norske matprodusentar

Chr. Anton Smedshaug i Agri Analyse trur det kraftige fallet i kronekursen på sikt kan vere godt nytt for norske matprodusentar.

Viktige stikkord vil vere dyrare import, billigare eksport og større nasjonal etterspurnad.

– Når 100 svenske kroner mens vi pratar kostar 110 norske, har svenskehandelen fått seg eit skot for baugen. Olav Thon kjem til å merke ein kraftig svikt i inntektene på kjøpesenteret i Tøcksfors, seier Smedshaug.

– Når kronekursfallet kjem i tillegg til at grensene blir stengt, viser det berre kor usikker ein slik handel er når det kjem ei krise. Folk flest opplever at den kan vere vanskeleg å basere seg på i same mon framover.

### Auka etterspurnad

Mindre svenskehandel vil auke etterspurnaden i den norske marknaden.

– Eg vil tru at viktigheita av nasjonale verdikjeder vil auke for daglegvarekjedene, slik at dei i

større grad vil måtte prioritere norske leverandørar.

Korleis det igjen vil slå ut for produsentane avheng av både dei vala forbrukarane vil gjere, og kva daglegvarehandelen tilbyr kundane.

Smedshaug tvilar på at dei store aktørane har tenkt seg dette scenariot på førehand.

– Vi har hatt eit kroneprisfall på 15 prosent i løpet av 24 timar. Det har aldri tidlegare skjedd i Noregshistoria. Noko kan bli reversert, men den norske krona har falle jamt dei siste 5–6 åra.

### Summen av fleire faktorar

Dette skjer samstundes med nye smell for alle knytt til oljenæringa, at mange i befolkninga mistar ekstraintekt som for eksempel utleigeinntekter, i tillegg til inntektsfall i samband med korona-utbrotet.

Smedshaug trur vi kjem til å merke endringane ganske kjapt.

– At folk må handle i Noreg vil vi merke umiddelbart. Det andre vil kome snikande over tid.

Han seier at ingen ting tyder på at oljeprisen vil stige på kort eller mellomlang sikt, og at både Russland og Saudi-Arabia har sagt at dei skal pumpe opp så mykje olje dei kan dei næraste åra.

Smedshaug meiner både forbrukaren og verdikjeda kjem til å måtte tilpasse seg.

– Kva vurderer daglegvarehandelen nett no?

– Korleis dei skal få dekke etterspurnaden etter norskproduert og korleis valutasikre det som dei må importere, eller om dei kan erstatte den dyrare importen med norskproduert. Og så vil dei sjå på om det er produkt som prisar seg ut av listene. I tillegg må dei sjølv sagt trygge leveransane.

### Stor variasjon

Smedshaug trur endringane vil skje innanfor dei butikkstrukturen som alt finst i dag. Noreg har allereie mange lågprisbutikker.

– Totalt er det stor variasjon mellom ulike merke og ulike pri-

sar. Forbrukaren kan velje om dei vil kjøpe billig kneip eller dyrare handverksbrød. Det interessante er korleis det som skjer kjem til å gi seg utslag i produktkategoriar.

Ein produkttype han trur vil slite er det han kallar «den alternative proteintrenden», altså vegetarprodukt brukt til å erstatte kjøt og fisk.

– Importerte spesialprodukt kjem til å bli mykje dyrare.

Han ser også for seg ei splitting av varene i meir billeg produkt på den eine sida og meir eksklusive produkt på den andre sida.

– I utgangspunktet vil dette vere bra for norske produsentar.

### Utfordrar lokalmaten

Men heilt utan utfordringar vil ikkje den nye situasjonen vere.

– Kanskje vil lokalmatprodusentar bli utfordra. Dei lever i

sjiktet mellom pris, identitet og kor stort det eksklusive forbruket blir i eit hushald der folk må tenkje økonomi.

– Om folk vil støtte lokalt næringsliv, unne seg noko spesielt til helgemat eller om dei vil velje billigare matprodukt der dei til no har vald dyrare, det veit vi jo ikkje, seier Smedshaug. Med til biletet høyrer eit norsk landbruk som også importerer innsatsfaktorar, anten det er gjødsel eller råvarer til kraftfôr det er snakk om.

– Dei vil stige i pris, noko som kan bidra til at det blir søkt etter meir norske innsatsfaktorar. Totalt sett har utviklinga de siste vekene gitt nye moglegheiter for norsk jordbruk og tilknytt verdikjeder, seier Smedshaug.

### Janne Grete Aspen

janne.aspen@nationen.no

### Verdikjeder

«Eg vil tru at viktigheita av nasjonale verdikjeder vil auke for daglegvarekjedene, slik at dei i større grad vil måtte prioritere norske leverandørar.»

Chr. Anton Smedshaug i Agri Analyse